



Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar		95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar		48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem		90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem		41518991	hfraf@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem		99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara		99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL		95856643	solweig@linge.bz
Arnhild Heggemli Harstad, Rød, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Forfall	41605033	arnhildh-harstad@yahoo.no
Til orientering:				
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara		90030329	janne.mork@svorka.net
Petter Melchior, 6214 Norddal	3. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
Sekretariatet:		Tlf. arbeid		
Gunnar K. Wentzel – møtt	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien – møtt	Rådgjevar	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 22. februar 2011 kl. 10.30 – 16.00 på Felleskjøpets møterom, Molde

1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkomen sak frå Nesset Bondelag om inntak av vatn til småkraftverk innanfor landskapsvernområde.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend med tillegg om innkomen sak årsmøtet og Inn på tunet.

2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 7.-8. desember 2010

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 7.-8. desember 2010 godkjend.

SAK 3/2011: Årsmøtet M&R Bondelag 11.-12. mars 2011

Program, sakliste, uttaler, redaksjonsnemnd og innkomen sak frå Nesset Bondelag

Vedlegg: Revidert programutkast og innkalling og sakliste til årsmøtet.

Invitere til Landbrukskonferansen deltakarane på Samlinga for unge bønder.

Vertskap under middagen: Styret vil spørje Odd Ingvar Torvik.

Vedtak: Saklista for årsmøtet godkjend med tillegg av innkomen sak frå Nesset.

Programutkastet med merknadar blir lagt til grunn for det vidare arbeid.

Styret vil invitere Oskar Grimstad som vara for Harald Tom Nesvik som har meldt forfall.

AU førebur spørsmål til politikarane. Styret er budd på å ha innlegg.

2 Vedtak: Styret vil førebu utkast til uttale frå årsmøtet på tema :

1 Matfylket Møre og Romsdal. Retten til mat. Matvaresituasjonen i verda. Landbruket er framtidseretta. Landbruket sitt bidrag til samfunnet og produksjon og produktivitet.

2 Rekruttering – Krav, tiltak og forventningar. Investeringar. Landbruksskulen. Vårt arbeid.

3 Matjord og jordvern. Kort innlegg med grunngjeving ved Birgit.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 907 29 582	E-postadresse: More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

3 Styret gjer framlegg om redaksjonsnemnd på 3 medlemmer totalt:**Vedtak:** Leiar i redaksjonsnemnda frå styret: Audun Skjervøy

Styret handsamar framlegg til uttaler i neste møte 3. mars.

4 Vedlegg utdelt: Innkomen sak til årsmøtet frå Nettet Bondelag om inntak av vatn til småkraftverk innanfor grensa for landskapsvernområde.**Vedtak:** Styret vil leggje fram for årsmøtet saka frå Nettet Bondelag om inntak av vatn til småkraftverk innanfor grensa for vernområde. Styret vil tilrå at årsmøtet ber om at saka blir løfta politisk og teke opp med fylkesmannen, fylkeskommunen, stortingsrepresentantane og Norges Bondelag.**SAK 4/2011: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2010****Vedlegg:** Utkast til delar av årsmeldinga. Sekretariatet fullfører arbeidet med bilete osv.**Vedtak:** Styret sin innstilling til årsmøtet:

Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2010 godkjend.

SAK 5/2011: Rekneskap for Møre og Romsdal Bondelag 2010**Vedlegg:** Rekneskap for 2010. Rekneskapet vert revidert 16.2.2011.

Rekneskapet er ført etter kontantprinsippet slik at utgifter og inntekter er ført i det året dei kjem.

Rekneskapet viser ein driftsinntekt på kr 938 069 og ein driftskostnad på kr 923 588. Renteinntekter var kr 18 738.

Revisors melding 2010:

Regnskapet er revidert og funnet i orden. Beholdningen i bank stemmer med utskrifter frå banken. Det er kontrollert at alle bilaga forefinnes i regnskapet og at dagboken stemmer. Skattetrekk og arbeidsgiveravgift er betalt og lønns- og trekkoppgaver er innsendt på oppgavepliktige ytelser. Det er avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.10. Vi tilrår at regnskapet for 2010 med årsoverskudd på kr 33.171 blir godkjent.

Molde den 16. februar 2011 *Jon B Nedal (sign) Ole M Aarstad (sign)***Styret sin innstilling til årsmøtet:****Vedtak:** Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2010 er godkjend. Rekneskapet er gjort opp med eit årsoverskot på **kr 33 171**.Eigenkapitalen 1.1.2010 var kr 876 629. Ny eigenkapital 1.1.2011 er med det **kr 909 800**.**SAK 6/2011: Arbeids- og tiltaksplan for Møre og Romsdal Bondelag 2011-2012****Vedlegg:** Framlegg.Nytt punkt : **Rekruttering – Likestilling – Kompetanse:**

Dette kom fram i styret:

Tillegg til arbeidsplan at styret vurderer om det er rom for å skape ein årleg møteplass for unge bønder. Vurdere ei oppfølgjande samling for nye bønder ut over tilbodet ein gong for unge medlemmer, gjerne i samarbeid med samvirke.

Styret sin innstilling til vedtak i årsmøtet:**Vedtak:** Arbeids- og tiltaksplan for 2011-2012 godkjend.**SAK 7/2011: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2011****Vedlegg:** Framlegg budsjett står som eigen kolonne i rekneskapet.

Styret sin innstilling til vedtak i årsmøtet:

Vedtak: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2011 godkjend.Budsjettet tek sikte på å oppretthalde eigenkapitalen som tilsvarer eit år med normal drift.

Budsjettet tek ikkje omsyn til eventuelle ekstra aktivitetar der styret vil prøve å finne ekstra inntekter.

SAK 8/2011: Vinnar av Aktivt Lokallag 2010

Vedlegg: Meldingsskjema til lokalt Bondelag. Medlemstal pr. 31.12.10 ligg i utkast til årsmelding. Aktivt Lokallag 2009 vart Sykkylven Bondelag. Åra før Averøy BL, Gjemnes BL, Todalen BL, Aure BL, Sykkylven BL, Vestnes BL, Rindal BL, Straumsnes BL, Skjåstaddalen BL og dei to åra før det Indre Averøy BL. Mange lag har brei aktivitet og godt vervingsarbeid som er mellom føresetnadene for nominering. Aktuelle lag bør ha drive medlemsverving, tilbod til medlemene og utadretta aktivitetar.

Vedtak: Styret vil på årsmøtet utnemne **Xxx Bondelag til Aktivt Lokallag 2010**.

Laget får vandrepemien, trekofferten. Årets Aktiv Lokallag i kvart fylke får kr 5 000 frå Norges Bondelag. Laget går vidare til konkurransen i Norges Bondelag om Årets Lokallag.

Namn på vinnar er FORTRULEG til fylkesårsmøtet

SAK 9/2011: Premiering medlemsvervingsstafetten

Vedtak: Fylkeslaget vil premiere alle lokale Bondelag og personar som har verva minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets med Bondelagseffektar. Oversikt viser at mange lag har verva tre eller fire nye medlemmer, og med ein liten ekstrainsats dei siste dagane kan det også bli premie på dei. Konkurransen held fram til årsmøtet.

SAK 10/2011: Vårens kampanje: Stafett og budstikke til Oslo 12. april

Vedlegg: Informasjonsskriv til laga – førebels versjon.

Vedtak: Styret sluttar seg til opplegget for stafetten med to budstikker som blir sendt ut på årsmøtet og er tilbake til Molde innan 11. april.

Til markeringa i Oslo tysdag 12. april blir alle lokallag eller minimum alle kommunar oppmoda om å delta med ein person, samt invitere med ein landbrukssympatisør som har delteke i budstikke-stafetten og oppropet. Fylkeslaget ber laga møte med leiar, eller vara frå styret som gjerne kan vere eit yngre styremedlem. Vi ber lokallaga i kommunen snarast drøfte opplegget og avklare kven som kan delta. Av omsyn til reisetid blir det ikkje sett opp buss. Utsendingane blir bede om snarast å skaffe seg ein rimeleg billett med tog eller fly og som blir ført opp på reiserekning innan ein maks ramme på kr 1.500 pr deltakar. Utsendingane skal delta i Oslo frå kl 10.00 til 16.00.

SAK 11/2011: Val til årsmøtet i Norges Bondelag

Fylkeslaga sin frist for å kome med innspel til valnemnda i Norges Bondelag er 23. februar 2011.

Inge Martin Karlsvik er medlem i valnemnda for 2011 og 2012 med vara Birgit Oline Kjerstad som repr. for fylka Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Vedtak: Styret vil overfor valnemnda peike på Arne Magnus Aasen som kandidat til styreverv i Norges Bondelag. Aasen er tidlegare fylkesleiar i 6 år i Møre og Romsdal Bondelag. Tidlegare aktiv lokallagsleiar i fleire rundar. Han er no styreleiar i Norsk Landbruksrågivning. Han og familien har bygget opp ein gard frå grunnen av, og driv i samdrift i lag med sonen på mjølk og storfekjøtt, sau og aktivt skogbruk. Arne Magnus var dyktig til å fordele oppgåver i styret, skape trivelege møter og godt arbeidsmiljø. Han var ofte nytta i media, m.a. i lokalradioen. Arne Magnus er 50 år, gift, har 4 vaksne barn. Utdanna agronom, artium, folkehøgskule. Interessert i jakt og friluftsliv.

Styret vil elles tilrå at Odd Chr Stenerud som ein dyktig ordførar i årsmøtet blir attvald.

SAK 12/2011: Jordbruksforhandlingane 2011 og Næringsstrategien M&R 2011

Vedlegg: Styrevedtak NB febr om kvoteordninga og om pris kvote.

Vedlegg blir utdelt: Innkomne uttaler til no. Saka handsamast i utvida styre 3. mars.

Styret drøfta satsar for investeringstilskot og rentestøttelån på bakgrunn av nytt notat frå FMLA.

Innovasjon Norge – M&R har drøfta behovet for avdragsfrie lån og finansiering til kjøp av eigedom.

Vedtak: Styret går inn for eit tak på rentestøttelån.

Leiaren vil vere med på å slutthandsame endelege reglar for Næringsstrategien i fylket for 2011.

SAK 13/2011: Revisjon av Regionalt Miljøprogram med nye tiltak

RMP er eit rettighetssbasert tilskot der ein som fyller krava også har rett til tilskot, i motsetnad til t.d. SMIL.

Styret drøfta nytt notat frå FMLA om revisjon av RMP med innføring av nytt tilskotsområde Klima og miljøtiltak med mulegheit for tilskot til grøtting, dyrking og liknande. Frå før er det her ei ordning for utsett jordarbeiding.

Vedtak: Styret ser det som positivt at tilskot til utsett jordarbeiding held fram.

Vidare at det blir arbeidd med miljøtiltak for grøtting, profilering og omgraving og liknande.

SAK 14/2011: Saker til årsmøte og representantskapet i Norges Bondelag

Etter Norges Bondelags lover er frist for saker til representantskapet 17. mai 2011.

Frist for saker til årsmøtet er 13. april 2011.

Aktuelle saker å reise i drøftingane i Representantskapet kan vere:

Arbeid med rekruttering. Landbruksutdanning der NB har eige prosjekt.

Kostnader på ulike referansebruk. Jfr Nord-Trøndelag.

Arbeidsomfang og forholdet til økonomi i mjølkeproduksjonen.

Vedtak: Styret har ikkje framlegg til innsending av saker.

SAK 15/2011: Arbeidsplan og Referatsaker**1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

Vedlegg: Medlemstal lokallaga pr. 31. desember 2010 (ligg i utkast til årsmelding)

Medlemstal 01/01-10: 3.431 Medlemstal pr. 31/12-10: 3.434 = +3

Nyinnmelde i 2010: 160 Utmelde: 157 (av disse 32 stopp ubetalt og 14 døde)

Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.434 Medlemstal pr. 16/02-11: 3.446 = +12

Nyinnmelde hittil i 2011: 45

2 Arbeids- og møteplan 2011

(Dato ajourført: 09.03.2011)

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
10. februar	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		Lokallaga
15. februar	Møte i valnemnda	Vestnes	Valnemnda
20. februar	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		Lokallaga
22. februar	Styremøte årsmelding rekneskap m.m.	Molde	Fylkesstyret
28. februar	Frist påmelding fylkesårsmøtet		Lokallaga og utsendingar
1. mars	Kontingentforfall		
3. mars	Styremøte utvida. Uttale jordbruksforh	Molde	Fylkesstyret + samvirkerepr
11. mars	Landbrukskonferansen i lag LNordvest,FMLA	Molde Alex	Landbruksinteresserte
11.-12. mars	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Årsmøteutsendingar og gjestar
28.-29. mars	Styremøte og utferd Nordmøre	Nordmøre	Styret og kontor + evt gjestar
1. april	Påmelding Open Gard		Lokallaga
12. april	Informasjonsaksjonsdag Norges Bondelag	Oslo	Alle lokallag
13.-15. april	FK-veka	Molde	Fylkeslaget
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar
21. aug	Open Gard		Lokallaga
24.-28. august	Den Norske Matfestivalen	Ålesund	
31.aug-1.sept	Sekretariatskonferanse	Hønefoss	Heile kontoret
2.-4. sept	Dyregod-dagane stand + evt møte	Gjemnes	

Mars veke 13 : Styreutferd 2 dagar til Nordmøre – fastsetting av datoar.

Vedtak: man 28. og tys 29. mars med avreise frå Molde ca kl 10.00. Næringskomiteen blir invitert.

3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

19. februar Møre og Romsdal Bygdeungdomslag årsmøte i Surnadal

22.-23. februar: Samling om bruken av bygdeutviklingsmidlane, Molde.

Dette er den årvisse samlinga der fylkesmannen og Innovasjon Norge informerer om bruken av desse midla – i tillegg til andre aktuelle tema. Programmet omfattar tema som verkemidla i BU-ordninga, Inn på tunet-satsing, møte med gründerar, samdrift i landbruket og betre samspel mellom hoppid.no-kontor og lokal landbruksforvaltning. Anne Katrine Jensen møter 23.2.

7. og 9. mars: Møter i Kristiansund og Molde - Brann og Sikkerhet i Landbruket

Inviterte deltakarar på møta er: Mattilsynet, Istad Nett/NEAS, Brannvesen, Arbeidstilsynet, Gjensidige, Bondelaget, Landbrukets HMS-teneste. Kristiansund: Erik Olufsen. Molde: Hans vurderer.

9. mars: Møte mellom Rovviltneimnda og organiasjonar, Alexandra, Molde. Karlsvik og Wentzel

16. mars Miljømjølk. Anne Katrine.

? mars: NB samling rovdryrkontaktar Oslo

23.-24 mars: Representantskapsmøte Norges Bondelag, Oslo. Karlsvik, Stenerud og Wentzel.

26. mars: Årsmøte i 4H Møre og Romsdal, Fræna – Melde forfall.

2.-3. april: Årsmøte M&R Bygdekvinnelag, Surnadal

13.-15. april FK-uka i Molde. Påmelding stand frist 21.2.

26. – 28. august Midtnorsk Samarbeidsråd fagleg samling under Agrisjå 2011.

2.-4. sep Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes: Stand og evt seminar

Styret vurderer vidare t.d. fredag den 2. å lage til et møte på 1,5 time f eks om Landbruksmeldinga med Ola T Heggem m fl el a. Evt også Matkjedeutvalget. Servering.

Dette kan knytte opp mot forestående lokalvalg f eks med fylkesordførerkandidat (er) el a .

4 Aktivitetar og møter i lokallaga

10. jan Surnadal BL: Kløverstumøte om jordbruksforhandlingane. Inge Martin Karlsvik.

25. januar: Bondelaga i Haram og Sandøy møte med Jan Bangen

1. februar: Bondelaga i Sunndal kommune – Øksendal, Sunndal og Ålvund – gått saman om å arrangere kurset Praktisk HMS-arbeid.

8. februar: Fræna Bondelag markerte matpakkedagen med utdeling av matpakker på 5 skolar.

Heimeside 10.02.2011: I 15 år på rad har bøndene Randi Varhol og Anne Berit Myrbostad i Fræna Bondelag markert matpakkedagen i grunnskolen ved å dele ut matpakker. Også i år møtte de opp ved Haukås skole i Elnesvågen. – Det er like stor stas blant elevene hver gang, og kanskje enda artigere for oss for hvert år som går, sier Anne Berit Myrbostad.

9. februar: Bondekafe Nettet Bondelag om jordbruksforhandlingane 2011. Anne Katrine Jensen

9. februar: Gjemnes Bondelag - møte framfor jordbruksforhandlingane, Gunnar Wentzel

14. februar: Averøy Bondelag medlemsmøte framfor jordbruksforhandlingane.

14. februar: Hustad Bondelag – møte framfor jordbruksforhandlingane, Inge Martin Karlsvik.

15. februar: Fræna Bondelag – møte framfor jordbruksforhandlingane, Inge Martin Karlsvik.

16. februar: Ekstraordinært årsmøte i Skodje Bondelag for velje ny leiar. Gunnar Wentzel om aktuelle næringspolitiske saker og landbruksmeldinga.

17. februar: Medlemsmøte Molde Bondelag. Tema: Gardskart på Internett /Arnold Hoddevik (FMLA) og Kva tenker Bondelaget om utsikten for vidare landbruk i M&R. Korleis kan vi best forhalde oss til å få gode nok avtaler på leigejord v/Inge Martin Karlsvik.

19. og 20. februar: Gjemnes Bondelag invitert medlemmene til tur til Oppdal

19. februar: Landbruksdag i Surnadal med fokus på økonomi og driftsbygningar. Arr. Bondelaga i Surnadal og Todalen i lag med Surnadal Sparebank og Surnadal kommune.

25. februar: Årsmøte Rovde Bondelag – Arne Rekkedal.

5 Referat frå møter og arrangement

17. desember: Rovdyrdemonstrasjon i Oslo 17. desember etter initiativ frå Nord-Trøndelag:

Fylkeslaget informerer lokallaga, sau- og geitalslaget.

6. januar: Vestlandssamarbeidet - møte i Bergen mellom Bondelaga sine arbeidsutval i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Inge M Karlsvik, Birgit Kjerstad og Gunnar Wentzel.

11. januar: AVLYST dagsamling på fylkeskontoret i Molde for nye tillitsvalde i lokallaga som ikkje deltok på det utvida Leiarmøtet i november. Kun to personar meldte seg på

12.-13. januar: Temakonferanse Norsk Landbrukssamvirke, Lillestrøm. Birgit Oline Kjerstad

VEDLEGG: Referat frå konferansen ved Birgit

19.-20. Januar: Norges Bondelag organisasjonssjefsamling Oslo. Gunnar Wentzel.

20. januar: Møte om Dyregod-dagane, Fylkeshuset, Molde, Arild Erlien

Frå Dyregod-dagane møtte Asbjørn Undlien, Bjørn Eikemo, Olav Bjørn Nilsen og Ole Øverland. Frå fylkeskommunen: fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik, ass. fylkesrådmann Willy Loftshus, Frank Madsøy (regional- og næringsavd), Anita Steinbru (utdanningsavd.), Åshild Melkeraaen (FMLA). Bodil Hollingsæter (Sparebanken Møre.

Nytt arrangement er 2.-4. september 2011. Arr er SUS i Gjemnes A/S (SUS = samarbeid, utvikling, skapervilje).

På møtet drøfta utvikling av fredagsprogrammet innretta mot barn, ungdom og næringsaktørar innan jord- og skogbruk. SUS har ønske om å invitere 10.-klassingar frå store delar av fylket til ein annleis skuledag. Utfordringa for arr. er det økonomiske, og da spesielt busstransport av skuleklassar.

Dyregoddagane har 3-årig samarbeidsavtale med Sparebanken Møre (2 år igjen), får støtte frå Fylkesmannens landbruksavdeling gjennom BU-midlar. Ønsker også at fylkeskommunen på banen økonomisk for få på plass eit godt fredagsprogram.

Bondelaget signalisert at næringa kan gå for bruke av BU-midlar i 3 år, og så evaluere. No er to år gått. På lengre sikt kan det vere aktuelt å vurdere om landbrukets støtte til Matfestivalen skal fases ut med sikte på å kunne løyse nye utfordringar.

24. Jan Regionmøte Landkreditt på Skaret: Brita Skallerud og Jan Bangen om pensjon. Wentzel.

25. januar: Kornkonferanse i Norges Bondelag, Oslo, Hans Frafjord

28. januar: Årsmøte i Samarbeidsrådet for Midt-Norge, Stjørdal, Birgit Oline Kjerstad

Vedlegg: Referat frå møtet. Leiar i Sør-Trøndelag Bondelag, Lars Morten Rosmo, attvalt som leiar i samarbeidsrådet. Tema på møtet: Samarbeid med Mattilsynet om forebyggende arbeid innen dyrevern/dyrehelse. Opplæringsplan tillitsvalgte, Midtnorsk "Temakonferanse" hausten 2011.

Møre og Romsdal Bondelag gjer framlegg om Birgit til AU for Samarbeidsrådet for Midt-Norge.

28. og 29. januar 2011 Samling for unge bønder – nye medlemmer i Bondelaget

Samlinga halde på Hotell Rica Seilet. Gratis for medlemmer i Bondelaget, og deltakaravgift kr 1.500 for andre. Frå fylkeslaget: Inge Martin Karlsvik, Gunnar Wentzel, Arild Erlien. 80 deltakarar. 26 av deltakarane nyinnmeldte medlemmer i Bondelaget i perioden 1. desember-29.januar. 9 nye medlemmer under sjølve samlinga.

Heimeside 31.01.2011: Rekordstor deltaking på rekrutteringssamling for bønder

Møre og Romsdal Bondelag si samling for unge, nye bønder i Molde i helga hadde rekordstor deltaking med 80 deltakarar frå heile fylket. - Interesse viser at det er god rekruttering til landbruksnæringa i mange bygder, meiner fylkesleiar Inge Martin Karlsvik. På samlinga var det mange som fekk motivasjon til å starte opp heime.

Stortingsrepresentant Else-May Botten (Ap), Molde, deltok på presentasjonsrunden i opninga av rekrutteringssamlinga. Botten vart imponert over framtidsplanane til dei nye næringsdrivande. I sitt innlegg sa ho at det var viktig å ha mål og heller justere undervegs. Else-May Botten orienterte om utfordrande fagsaker ho arbeider med som yngste medlem i Næringskomiteen.

For mange av dei unge nye bøndene gav samlinga i helga påfyll og motivasjon til å satse på ei framtid som bønder. Den som skal ta over ein gard eller har teke over har behov for å bli oppdatert på aktuelle saker og utfordringar. Og ikkje minst å treffe andre i same situasjon og utveksle tankar og idear. Erfaringa er også at svært mange av desse unge i framtida blir engasjerte medlemmer og tillitsvalde i landbruksorganisasjonane.

Næringspolitikk, organisasjonsmessige og faglege utfordringar for bonden vart teke opp av styreleiar i Tine Meieriet Vest, Jan Ove Tryggestad frå Stranda, og av Bondelagets fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel. Deltakarane var svært interesserte i å få fleire tilbod om faglege kurs og samlingar lokalt og regionalt.

Lasse Krogseth, til dagleg rådgjevar i økonomi og strategi i TINE Midt-Norge, tok grundig for seg det å styre garden som bedrift. Han tok opp økonomistyring, driftsplanlegging, utfordringar, ansvar, plikter og resultat. – Dei som har klare mål for drifta vil gjere det best, sa han.

Frå ide til handling, og vurdering av muligheter på garden, var tema som landbruksøkonom i Landbruk Nordvest, Sivert Mausest, Surnadal, orienterte om for dei nye, unge bøndene. Seniorrådgjevar i Innovasjon Norge, Sivert Gravem, presenterte økonomiske verkemidlar og finansiering. Han kom også inn på arbeidet med å få til ny bruk av gamle driftsbygg.

Vurderingar: Litt kort tid også for å bli kjend – ha laurdag og sundag. Skulle hatt ein skoletime på NB-organisasjon og ein på politikk. Hvordan jobber vi. Hva vil det si å være tillitsvalgt. Velferdsordninger kunne vært kommet mer inn på. Ferie fritid, sjukdom, fødsel, sjukepengar.

Deltagerne litt for forskjellige for de som ønsker å møte andre unge som vil satse. Litt mange deltagerer for å sikre kontakten, evt dele samlingene inn i ulike grupper etter interesser. For å få mer tid til å bli kjent, nye grupper.

Tema økonomistyring og muligheter ble litt for like.

Hatt om juridiske spørsmål, utenom eierskifte, hva nå det skulle være?

Frå svararka: Samlinga ga: ”Motivasjon til å starte opp og bygge heime!”

Fagmiljø som en kan diskutere med.

Fadder-ordning med ”sparring-partner”?!

Praktisk grunnkurs i gardsdrift.

Mer om positiv markedsføring av næringa.

Det må være mulig å drive gard i Norge uten å måtte jobbe 24/7 – Denne betegnelsen var ny for meg, 24 timer 7 dager i veka sjøl om den føyer seg inn i vår vanlige presentasjon av yrket...

3. februar: Arbeidsmøte Landbruk Nordvest: Jordkultur og drenering Inge Martin Karlsvik

14. februar: Arealkurs Norges Bondelag, Birgit Oline Kjerstad, Gunnar Wentzel

18. februar: Norsvin M&R-Årsmøte: Om nedgangen i svineholdet i fylket. Inge Martin Karlsvik

19. februar: Årsmøte M&R Bygdeungdomslag, Surnadal. Forfall

21. februar: Generalforsamling i Den Norske Matfestivalen i Ålesund. Bondelagets styremedlem i Matfestivalen, Jørgen Holte, møter for M&R Bondelag.

6 Orienteringssaker

6.1 Inn på tunet – tilbudet i Møre og Romsdal og Representant til styringsgruppe

Styringsgruppat vil ha eit eller to møte årleg. 18.-19. mars nettverksamling i Surnadal.

Vedtak: Møre og Romsdal Bondelag ser positivt på utvikling av kompetansegejevande kurs for dei som driv med Inn på tunet, og vil slutte seg til ein intensjonsavtale. Tiltaket betyr ingen økonomiske pliktar for fylkesbondelaget utover at vi går inn for bruk av KIL-midlar til tiltaket.

Møre og Romsdal Bondelag vil vere representert styringsgruppa for Inn på tunet-prosjektet i Møre og Romsdal ved Birgitn Oline Kjerstad.

6.2 Mattilsynet – bekymringsmelding frå eit medlem om ny praksis ved tilsyn på Sunnmøre.

6.3 Smågris og kalvar blir sendt ut av fylket. Eggproduksjon snart ut i FKNR sitt område.

Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal ved Svein Aure vurderer eit initiativ for å styrke produksjonen av gris, egg og storfekjøtt i vårt distrikt.

Saka er aktuell å drøfte mellom Bondelaget, FK, Nortura, FMLA, Innovasjon Norge og Norsvin.

6.4 Vestlandsrådet om Regional Landbrukspolitik

Rådet som m.a. består av alle fylkesordførarane på Vestlandet, vedtok 13. januar følgjande:

1. Vestlandsrådet meiner at fylkeskommunane i større grad bør ta ansvar for ein regional landbrukspolitik basert på ein politikk for landskap, busetjing og produksjon.
2. Mål om å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket, vil vere særleg sentrale for ein regional landbrukspolitik
3. Ein landbrukspolitik for matproduksjon bør framleis vere nasjonal.

6.5 Saker frå Bygdekvinnelaget - Samrådings- og leiarmøte 5. februar i Molde. 60 deltakarar

BKL på Matfestivalen ønskjer fokus enkel matlaging frå grunn av på norske råvarer.

Solveig deltok seminar mat og reiseliv på Stranda.

6.6 Saker frå Bygdeungdomslaget - Vestlandsrådet om Regional Landbrukspolitik

Rådet som m.a. består av alle fylkesordførarane på Vestlandet, vedtok 13. januar følgjande:

1. Vestlandsrådet meiner at fylkeskommunane i større grad bør ta ansvar for ein regional landbrukspolitik basert på ein politikk for landskap, busetjing og produksjon.
2. Mål om å stoppe nedgangen i jordbruksareal på Vestlandet, auke turisme på Vestlandet gjennom ope landskap og bygder med husdyr og folk, bruk av meir lokale råvarer til matvareindustrien og utvikle nye næringsmiddelbedrifter, og sikre rekruttering til landbruket, vil vere særleg sentrale for ein regional landbrukspolitik
3. Ein landbrukspolitik for matproduksjon bør framleis vere nasjonal.

Saker frå Bygdekvinnelaget - Samrådings- og leiarmøte 5. februar i Molde. 60 deltakarar BKL på Matfestivalen ønskjer fokus enkel matlaging frå grunn av på norske råvarer. Solveig deltok seminar mat og reiseliv på Stranda.

Saker frå Bygdeungdomslaget - Årsmøtet valt ny leiar. Årsunderskot med kr 42 815. Landstevling blir arrangert i Surnadal.

Lesarinnlegg 3. februar frå M&R Bondelag: Framtidsutdanning i naturbruk på Gjermundnes VGS Heimeside 04.02.2011: - Vi tilrår dei mange unge vi møter som skal overta eller kjøpe gard for å drive tradisjonelle eller nye næringar om å ta fagutdanning, skriv fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel i eit lesarinnlegg. Ungdomsskule-elevane står framfor eit viktig val av skule innan 1. mars. Møre og Romsdal har mellom mange tilbod ein flott vidaregåande skule med landbruk, naturbruk og mekaniske fag på Gjermundnes. Karlsvik og Wentzel skriv at i det siste har dei treft mange unge som ikkje er godt merksame på dette tilbodet. **VEDLEGG**

Uttale til endringar i kvoteordninga for mjølk

Styret drøfta på møte 7. og 8. desember forslaget frå Landbruks- og Matdepartementet til endringar i kvoteordninga for mjølk. Etter nokre tilpasningar til vedtaket gjort på e-post mellom styremedlemmene i januar, og vart høringsfråsegna sendt 18. januar 2011 til Norges Bondelag. **VEDLEGG**

Protokoll frå styret i Norges Bondelag 9.-10.februar 2011:

Vedtak om ”Høring av ny forskrift om kvoteordninga for mjølk”. **VEDLEGG**

Oversyn SMIL-midlar i alt 7 mill kr til kommunane 2011. VEDLEGG

Samrøystes uttale frå fylkesutvalet 24. januar til jordbruksforhandlingane 2011. VEDLEGG

Heimeside 04.02.2011: Fylkesutvalet krev satsing på rekruttering Eit samrøystes fylkesutval i Møre og Romsdal, med politikarar frå alle politiske parti, ber i sin uttale til jordbruksforhandlingane 2011 om at rammene for investeringsvirkemidlane vert auka, og får ei innretning som passar bruksstrukturen på Vestlandet. Unge under 35 år bør få særlege vilkår. Vidare ber fylkespolitikarane om at distriktstilskot på mjølk og kjøtt produsert i Møre og Romsdal og på resten av Vestlandet vert auka.

Heimeside 09.02.2011: Samarbeid lønner seg

Samdrift gir mest igjen i lommeboka for den enkelte melkebonde, viser tall fra Norsk Institutt for landbruksforskning (NILF). Leder i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, er ikke overrasket for tallene. - Store kapitalutgifter påvirker lønnsomheten sterkt i melkeproduksjon, sier Karlsvik til ROMSDALS BUDSTIKKE.

Heimeside 28.01.2011: Alt for stor bestand av hjortevilt

Bestanden av hjortevilt er framleis alt for stor i dei fleste område. Det er eit stort problem fleire plassar at jaktuttaket er for mykje styrt av jegerar som ønskjer størst muleg bestand framfor samla omsyn, skriv Møre og Romsdal Bondelag i sine synspunkt om fastsetjing av nye jakttider. **VEDLEGG**

Endringar i distriktsinndeling for Landbrukets HMS-tjeneste

Landbrukets HMS-tjeneste har gjort nokre endringar i distriktsinndeling med verknad frå 1. januar 2011.

Møre og Romsdal vert flytta til distrikt 2, Midt-Norge. Det betyr at for framtida er det distriktleiar Per Olav Rian som har ansvar for oppfølging av nettverk og våre rådgjevarar i Møre og Romsdal.

I samband med endringa, gjennomfører dei ei besøksrunde til alle tre regionane i fylket. Møte med Molde BHT og rådgjevar Gunn Hofset Innerdal torsdag 16.februar.

E-post 3. feb. frå Else Tømmerstøl, Distriktssjef TINE Vest om Innføringskurs for nye bønder:

TINE, Felleskjøpet og Nortura hadde denne veka ei evaluering av hurtigruteturane for nye bønder. Vi kom fram til at denne opplæringa vil vi ha, men avgrensa til kvart 2. år og såleis fyller ut tilbodet som vert køyrd på land, i eit anna konsept, slik at det vert noko kvart år for nye produsentar. Det var flott at det kom så mange på innføringskurset i januar i Molde :-)

Rapport for Geit i Vekst 2010 – VEDLEGG

Møtet heva kl 16.00 Referentar: Gunnar K Wentzel Arild Erlie